



Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig As  
Postboks 2043 Vika  
0125 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5916 - 22/78765

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
14.10.2022

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 220/1 Store Urdal**

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr 220/1  
Tiltakshavar: Oddvar Urdal  
Ansvarleg sækjar: Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig AS



Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.08.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ved ei grov tilpassing av situasjonsplanen ser det ut til at ein har tatt med delar av DC Eikefet Aggregates AS sin eigedom, gbnr 220/13.

Ut frå følgjebrev til søknaden går det fram at grensene er oppmålt av privat firma og at eigar av gbnr 220/1 og representant for kjøpar var med på oppmålinga. Dersom ein meiner at oppmålt grense er rett opp mot gbnr 220/13 og at grensa som ligg i matrikkelen er feil ber me om tilbakemelding på dette. Elles kan ikkje kommunen gje løyve til deling frå anna grunneigedom enn det er søkt om. Sjå utsnitt av grovtilpassa situasjonsplan under. Det går også fram av oppsummering i referat frå førehandskonferanse om saka datert 29.03.2019 at grensene bør følgja føremålgrensa i reguleringsplanen. Er det bevisst at ein har trekt dem søndre grensa sør for føremålgrensa?



2. Det må sendast inn gjenpart av nabovarsel/ eller skjemaet «Opplysninger gitt i nabovarsel».
3. Søknaden må nabovarlas på nytt då motteke kvittering for nabovarsling syner at nabovarsla er meir enn 1 år gamle. Det heldt å varsle eigar av gbnr 220/13, 220/2.
4. Det er i følgjebrev til søknaden at ein krev parsellen matrikulert som ny matrikkeleining (anleggseigedom). Kommunen går ut frå at ein meiner at kravet gjeld matrikulering

grunneigedom. (Eigedom som er avgrensa ved eigedomsgrenser på jordoverflata).

#### **§ 5. Matrikkeleiningar**

Følgjande objekt kan opprettast som egne matrikkeleiningar:

- a. grunneigedom, eigedom som er avgrensa ved eigedomsgrenser på jordoverflata og som med dei avgrensingane som følgjer av at det eventuelt er oppretta anleggseigedom etter bokstav b, strekkjer seg så langt nedover i grunnen og oppover i lufta som privat eigedomsrett rekk etter alminnelege reglar,
- b. anleggseigedom, ein bygning eller konstruksjon, eller eit avgrensa fysisk volum som er tillate utbygt, og som er utskilt som eigen eigedom. Fast anlegg på eigarlaus sjøgrunn eller i eigarlaus undergrunn kan også opprettast som anleggseigedom,
- c. eigarseksjon,
- d. jordsameige, grunnareal som ligg i sameige mellom fleire grunneigedommar, og der sameigepartane inngår i grunneigedommane, og
- e. festegrund, del av grunneigedom eller jordsameige som nokon har festerett til eller som kan festast bort, eller som nokon har ein tilsvarende eksklusiv og langvarig bruksrett til.

Ny matrikkeleining er oppretta når eininga er ført inn i matrikkelen.

Einingar, under dette rettar, som er tildelte matrikkelnummer etter tidlegare regelverk, blir rekna som matrikkeleining og kan stå oppført i matrikkelen.

*Frå matrikkellova.*

Om dette ikkje er rett oppfatta ber me om tilbakemelding.

5. Kommunen gjer merksam på at dersom det vert gjeve vert gjeve løyve til deling vil saka verte sendt over til oppmålingsforretninga som vil kalle inn til oppmålingsforretning i samsvar med § 6 i matrikkellova. Utført privat oppmåling kan leggjast til grunn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.11.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig As    Postboks 2043 Vika    0125    OSLO